



Voss, 25. juni 2023.



Månadsbrev nr 10/2022-2023 (juni)  
Av Distrikts guvernør  
Odd Henry Hommedal

### **Kjære Rotaryvener!**

Juni måned går mot slutten. Dei aller fleste klubbane har gjennomført presidentskifte og dei nye presidentane planlegg saman med sitt styre neste Rotary-år's aktivitetar.

Siste år har det vore stor aktivitet rundt omkring i landet, ikkje minst i arbeidet for å betra vilkåra for mennesker som har havna i ein vanskeleg situasjon. Eg tenker først og fremst på befolkningen i Ukraina og på dei jordskjelvråka i Syria og Tyrkia. Her har Rotaryklubbane i Norge gjort ein stor innsats, i tillegg til mange andre prosjekt lokalt og internasjonalt. Vårt distrikt har markert seg skikkeleg i desse innsamlingsaksjonane. Eg kan nemna at til Shelterbox etter jordskjelvet i Tyrkia og Syria gav klubbane i vårt distrikt omlag kr 500.000,-, medan dei andre 5 distrikta i Norge samla inn ca kr 100.000,- tilsaman. No er det innsamling for å kjøpa inn mobile førestehjelpsklinikkar til Ukraikna. Her ligg også vårt distrikt heilt i toppen.

I mitt Guvernørår har eg også lagt vekt på det sosiale fellesskapet i klubbane og at det skal vera kjekt å vera Rotary medlem. Det trur eg er bærebjelken i klubbane. Viktig er også samarbeidet med andre klubbar og organisasjonar. Fellesskapet gjev mogelegheiter og det skaper resultat.

No er sommaren her og det er normalt ei stille tid for klubbane. Tida er inne for å slappa av saman med familie og venner. Mottoet vårt er å arbeida for Service Above Self, men me må ikkje gløyma våre nærmaste. Det er viktig å samla krefter i løpet av sommaren, for å bidra til fornya innsats for Rotary sin mange og gode formål.

Tirsdag 27. juni er det Guvernørskifte på Bryne. Wibecke Natås skal overta stafettpinnen som Guvernør i D2250. Eg ynskjer Wibecke masse lykke til i arbeidet for Rotary sine formål og for å stå til teneste for klubbane i distriktet.

For min del er tida inn for å takka for meg. Året som Guvernør har vore eit fantastisk kjekt og lærerikt år. Eg har besøk 43 klubbar og kun møtt hyggelege mennesker. Det har vore ei sann gleda. Eg har fått nye personlege venner i inn og utland og føler at eg har bidrege til Rotary sine formål på ein tilfredstillande måte.

Eg vil takka styret og distriktsrådet for at glimrande samarbeid i året som er gått. Dei assisterande guvernørane har stått på og hjelpt meg med det praktiske arbeidet for å arrangera møter osv. Takk til Renate Malm, Kjell Andreas Heskestad og Nils Tore Skogland, som no er ferdige med sin AG periode, for glimrande utført arbeid. Kasserar Kari Furu og sekretær Odrun Vellene Vevatne skal også ha stor takk for godt utført arbeid og støtte. Redaktør/Dico Frank Strand har gjort eit stort arbeid med Rotary i Vest og som Dico. Takk til dei som har arbeidet med RLI, med Johannes Hausken i spissen. Takk til Arild Dale som går av som distriktet sin CoL representant.

Takk til klubbane som tok så godt imot meg.

Eg vil spesielt takka min forgjengar IPDG Claus E. Feyling for sær s god hjelp og støtte. Han har vore ein glimrande mentor.

Takk for eit flott Rotary år og lukke til vidare til alle nye tillitsvalde i klubbane og i distriktet.

Beste helsing  
Odd Henry